

Årsmelding for Fresvik sokneråd 2020

Soknerådet har i 2020 vore sett saman slik:

Leiar og sekretær Marianne Bøthun

Nestleiar/ 1.vara Frode Høgberg (fast møtande)

Kasserar Geir Ove Bøthun

Repr. Fellesråd Rolf Olsen

Soknerådsmedl. Bente Settevik

2.vara Hans Ivar Bøthun

Prest Rasmus C. Bolstad Rustad er formell medlem av soknerådet.

Grunna vanskar med å få bygdefolk til å stilla opp for soknerådet ved sist val, så er tal medlemmar i soknerådet no nesten halvert i høve til tidlegare år. Meir arbeid fell dermed på kvar enkelt, men me er eit godt team og fordeler oppgåver med arbeid i kyrkja og ungdomsklubben, samt møter og anna mellom oss. Takk også til dykk andre som aldri er vonde å be enten det gjeld å hogge juletre (Mia og Inge), skrive frammøteliste i kyrkja (Siri Otterhjell for korpset), bake kake til dugnaden (Björg Bøthun) og vere ryddehjelp både under dugnad på kyrkjegarden og/eller i samband med julekonsert i kyrkja. Og ikkje minst takk til dykk som stiller opp og spelar, syng eller les tekst i kyrkja og som deltek på arrangementa våre.

For øvrige detaljar om tilsette innan kyrkje og stell; sjå årsmelding 2019.

Nytt av året er tilsetting av Rasmus C. Bolstad Rustad og Karen Helene Bøhn Melhus som prestar i Vik, med innsettings gudsteneste i Vik 2.august 2020. Samtidig blei også ny kyrkjemusikar Dora Davis tilsett. Rasmus er 50% tilsett som prostiprest med ansvar for Feios og Fresvik og 50% som fengselsprest. Me er svært glade for å kunne ynskje både presteparet og Dora velkommen til oss!

Soknerådsarbeid i år 2020:

Dette året har vore rart og utfordrande på mange måtar, både m.o.t. mangel på prest(ar) og covid-19 situasjonen som har medført mange restriksjonar og

endringar av planar. Sistnemde er også årsak til at me i dag held årsmøte både for år 2019 og år 2020 samla.

I år 2020 har det vore halde 4 møter i soknerådet. Ingvar Vangsnes (vara for Stein Arne Larsson) og/eller Rasmus C. Bolstad Rustad har delteke på 3 av møta. Det er handsama 25 saker. Covid-19 situasjonen har også medført at ein del ting har vorte handsama/arrangert digitalt. Dette gjeld både organisering av aktivitetar, **digital fasteaksjon** og **digital julemusikk gudsteneste** felles for alle kyrkjene i Vik.

Dugnad før 17.mai blei arrangert med godt frammøte, egna verneutstyr og enkel servering i tråd med gjeldande retningslinjer. **Konfirmasjon** vart flytta frå mai til oktober og **Sveastemna** blei grunna smittevernomsyn flytt til kyrkja, der Frelsesarmeen deltok med flott musikk. Planlagt sommarkonsert, samt julekonsert med Vik musikklag måtte avlysast grunna covid-19, men heldigvis klarte soknerådet i samarbeid med Fresvik skulekorps og lokale krefter å arrangere **julekonsert** 20.desember. Ei fin stund for alle frammøtte og takk til både musikantar, solistar og dirigent Bjarne Bjørkevoll. **Lysmesse** vart halde som vanleg, medan me i år ikkje fann det forsvarleg å arrangere «syng jula inn» på julaftan. Gudsteneste 26.desember var eit godt alternativ.

Også **ungdomsklubben** med primus motor Trond Kråkevik saman med elvar frå Sygna, har vore utfordrande å få arrangert i år. Nokre klubbkveldar har det likevel vorte med vertskap frå soknerådet (Rolf som sjefskokk) som har servert litt mat, samt leik og litt alvor ved dei frå Sygna. Det har vore godt frammøte av elevar frå mellom- og ungdomsskuletrinnet. Det har heller ikkje vore noko tilbod til mindre born i år (søndagsskule).

Utanom det som går på planlegging og organisering av kyrkjelydsarbeidet er også diskutert følgjande:

- Oppretting av minnelund ved Fresvik kyrkje i samarbeid med Fresvik Sogelag. Sogelaget prøver også å ta vare på gamle støypejernsplater på eldre gravminne og/eller få desse integrert ved minnelund.
- Ymse kring festeavtale med skihytta til IL Modig, trase for løyper og teljeverk for tal passerande ved brua i Kyrkjeteigen for å få litt oversikt over bruk av området.
- Diverse vedlikehald som må gjerast m.o.t. til listverk/kledning på inngangsparti av kyrkja samt dørar inn til kyrkje og uthus.

- Freiste å få til meir bruk av kyrkja også til konsertar og andre arrangement. Diskutert m.a. samarbeid med Fres'n.

For meir detaljar av arrangement i kyrkja i Fresvik (og kommunen; sjå eige vedlegg.

Det er halde 7 gudstenester totalt i 2020, inkludert julekonserten og digital musikk gudsteneste. Det var 1 konfirmant, 2 døypte og ingen vigslar i år. 1 gravferd er utført. Det er ikkje utført noko særskilt vedlikehald av kyrkja eller på kyrkjegarden i år. Gjennom kollekt er kome inn kr 4264, samt kr 1150 til korpset og kr 4100 gjennom digital fasteaksjon.

Takk for godt samarbeid med kyrkjekontoret, prestar og organistar, kyrkjetenarar, tekstlesarar og andre som har delteke ved arrangement i kyrkja!

Fresvik sokneråd 12.mars 2021

v/ Marianne Bøthun – leiar



Frå dugnaden på kyrkjegarden før 17.mai. God stemning og mykje godt arbeid.